

Karakterbyggjande Konradoppkøyning i Slovakia

Det er lenge til 1.mai, men om ein søv gjennom vinteren kan våren kome brått på. I Slovakia starta oppkøyninga til Konradløpet same dag vi stilte klokka tilbake til vintertid. Siste dagane har nemleg ein oslobasert VIL-løpar (Hilde) vore på inspeksjon i den slovakiske VIL-leiren, lokalisert i den sjarmerande småbyen Martin. Her held Christina stand, medisinstudent og ein brennheit kandidat til å ta over som klubblege for Velledalen IL ein gong i framtida.

Konradløypa må reknast som ein av relativt få attraksjonar i denne byen. Det var difor ei sjølvfølge at denne måtte testast ut i løpet av opphaldet til Hilde. Søndag morgon knytte vi joggeskoa, heiv på oss VIL-jakka og sveiv ut i eit grått landskap. Ved første augekast er det ikkje mykje som minner om originalløypa på Brunstad. Løypa består av ymse underlag; asfalt, grus, gras og gjørme – noko for ein kvar smak. Traseen svingar forbi ein småflyplass, og vidare langs ein endelaus maisåker. Christina forsikra om at denne åkeren tek seg betre ut i sommarhalvåret, sjølv om biologistudenten i gruppa sjeldan går av skaftet av monokultur-landskap.

Bak skodda kunne vi skimte fjell, endåtil på same høgde som fjella som omkransar den originale Konradløypa. Om ein let fantasien gå løpsk kan ein kanskje førestille seg Brunstadhornet og Kløvheitind som kulisser...

Sjølve joggeturen vart av det karakterbyggjande slaget, då det nemnde grisevêret gjorde turen til ei våt affære. Ein hybrid mellom Konrad-Extrem og eit blautt O-løp er ei passande skildring. Vi let bileta snakke for seg sjølv.

Tren passe hardt, og hugs: Gi upp? Då he du tapt!



Reite-Christina og Simo-Hilde

Christina kom nesten tørrskodd gjennom løypa.



Ein ukjent vadefugl



Outfit of the day